



Referanser:
Dykkar: 10204606
Vår: 18/753 - 19/18876

Saksbehandlar:
Alexander Helle
alexander.helle@meland.kommune.no

09.09.2019

< Ynskje om retting av manglande levering >

Meland kommune bad i februar 2018 om bistand frå Multiconsult til vegprosjektering i samband med utarbeiding av områdeplan for Rylandshøgda.

Det prosjekterte materialet vart levert kommunen i sosi-format 14.01.19. Områdeplanen har no vore til offentleg ettersyn, og det viser seg at det er vesentlege manglar i materialet de har levert.

Statens vegvesen skriv mellom anna i sin merknad:

«Statens vegvesen meiner at planframlegget generelt er for lite detaljert, spesielt når det gjeld vegnettet. I områdereguleringsplaner skal offentlege vegar vere regulert med same detaljeringsgrad som i detaljreguleringsplaner. Plankartet har fleire manglar som gjer det vanskelig å vurdere vegutforminga, til dømes påskrift av regulerte breidder, geometri- og sikkkrav. Vegtekniske teikningar er ikkje lagt ved oversendinga. I kryss mellom Eikelandsvegen og levegen, begge fv. 248, er det ordinær vikeplikt frå høgde. Siktsonene som er vist i plankartet samsvarar ikkje med dette. Dette må rettast opp.»

Meland kommune meiner difor me ikkje har fått levert materiale i samsvar med bestillinga, og ber om å få tilsendt det prosjekterte materialet i samsvar med Nasjonal produktinformasjon for arealplaner og digitalt planregister – Del 1 – Veileder for fremstilling av arealplaner:

1.5.7 Påskrifter/teksting

«Tekst i plankartet bør begrenses for å unngå feiltolkning og minske lesbarheten av kartet. Kun tekst som er viktig for forståelse av planen bør benyttes som tekst, for eksempel referanser mellom bestemmelser og plankart. Behovet for tekstinformasjon som skal påføres plankartet må vurderes i hvert enkelt tilfelle. Følgende tekstinformasjon vil i de fleste tilfeller gi de mest nødvendige opplysninger:

- arealformål med eventuell forkortelse for arealformål (feltnavn i reguleringsplan eller områdenavn i kommuneplan), grad av utnytting, herunder minimum og maksimum utnyttelsesgrad,
- hensynssone med påført tekst om hensynsonetype og serienummer (hensynsonenavn)
- område for bestemmelser med påført løpenummer (bestemmelsesområdenavn)
- regulert høyde
- målsetting av avstander og bredder: avstand fra senterlinje til formålsgrense, avstand til byggegrense m.m.»

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Materialet må kunne danne grunnlag for ferdigstilling av nytt plankart. Leveringa må vera i sosi-format.

Kommunen førebur planen til 2. gongshandsaming, og ynskjer å få retta feil i plankartet så snart som råd. Me ynskjer difor snarleg attendemelding, og at komplett levering er i våre hender før 24. september 2019

Med helsing

Alexander Helle
arkitekt - arealplanleggjar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

